



## Nynorsk skriftkultur



Høgskulen i Volda tilbyr som den einaste i landet Master i nynorsk skriftkultur. Gjennom skrifta formar vi tekstar, og dermed også den kulturen og det samfunnet vi er ein del av. Studiet av nynorsk skriftkultur gjer deg i stand til å forstå korleis dette skjer, og tek for seg skriftkultur generelt og den nynorske skriftkulturen spesielt. Vil du bruke utdanninga i skulen, kan du byggje på med eittårig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Du kan søkje studiet frå 1. februar 2020.

### Studieinnhald

I masterstudiet vert det lagt vekt på å analysere utfordringar knytte til tileigning, meistring og bruk av språk og tekst og forholdet mellom skriftkultur og samfunn (literacy/literacies), med vekt på nynorskens stilling i fortid og notid. Studiet i nynorsk skriftkultur har tre hovudinnretningar: språk, litteratur og didaktikk, alle med vekt på nynorsk skriftspråk. Med utgangspunkt i tverrfaglege tilnæringsmåtar gir studiet i nynorsk skriftkultur ein unik kompetanse for arbeid både i skulen og med anna språkleg og kulturelt arbeid.

### Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Masterstudiet i nynorsk skriftkultur går normalt over to studieår på full tid, men det vert lagt til rette for studentar som vil ta studiet over lengre tid. Undervisninga er organisert som vekessamlingar. I haustsemesteret blir det gjeve undervisning i emnet Skriftkultur. Ei innføring og eitt av dei to emna Språkvitskap og Den nynorske teksten (annakvar haust), medan det kvart vårsemesteret blir gjeve undervisning i Vitskapsteori og metode og Lese- og skrivekunne. Alle emna er på 15 studiepoeng. I tillegg skal studenten skrive ei sjølvvald masteroppgåve som tel 60 studiepoeng. Sjå emnetabellar for meir informasjon om studieløpet.

### Aktuelle yrke og vidare studium

Master i Nynorsk skriftkultur gir brei språk- og kulturkompetanse og kvalifiserer for undervisning i skuleverket, for arbeid i fagstillingar ved museum, i offentleg og privat kultursektor, i kulturadministrasjon

**Studiepoeng / lengd:** 120 / 8 semester (4 år)

**Opptakskrav:** Bachelorgrad eller tilsvarande (180 stp) innan humanistiske eller samfunnsfaglege emne, der minimum 20 av studiepoenga må vere frå eit fordjupingsemne (200-nivå). Eksempel på relevante fagområde kan vere etnologi, filosofi, historie, idéhistorie, kulturvern og kulturformidling, lingvistikk, litteraturvitskap, medievitskap, norsk/nordisk, pedagogikk, sosialantropologi, sosiologi og statsvitskap. Søkjarar som har andre relevante fag eller utdanning på same nivå og av tilsvarande omfang, kan søkje om særskild vurdering.

**Søknadsfrist:** i Lokalt opptak